

Kåre Olav Aldal  
Horveidvegen 59  
5723 Bolstadøyri

Bolstadøyri 03.04.2019

Org.nr: 914121159  
Tlf: 90410810.  
E-post: [karealdal@gmail.com](mailto:karealdal@gmail.com)

Til:

**Vaksdal kommune, Landbruksforvaltninga  
5722 Dalekvam**

### **Søknad om tilskot til skilting på gamle ferdslevegar, Verpelstad**

Eg viser til tidlegare søknad og tildeling av midlar til rydding av gamle ferdslevegar på Verpelstad, gnr 52, bnr 1 og 2 i Vaksdal. Dykkar referanse: 15/93 – 15/1685.

Eg søker no om tilskot til skilting på dei same ferdslevegane: Frå Naustbakken til Verpelstad (gangveg), og frå denne gangvegen til markaløa i Botn. Planen er å skilta med gamle stadnamn langs vegen, samt eit informasjonsskilt ved løa i Botn. Skilta lagar eg sjølv i impregnert tre, der bokstavar vert fresa ut, sjå vedlagt bilde av to skilt. Til saman vil eg setja opp 16 stadnamnskilt, og 2 visningsskilt.

Informasjonsskilt ved løa i Botn vert produsert av firmaet Logolink. Tekst vert trykt rett på aluminium, og skilttypen er svært robust. Sjå vedlagt døme på same type skilt: «Fadnes bro...» Denne markaløa er ca 200 år gammal, men her kan ha stått ei løe før denne. Her vart det slått fram til 1958, noko eg sjølv var med på som barn. Høyet vart lagt i løa, og henta heim om vinteren. Då måtte det først berast på ryggen i svært ulendt terreng ca 800 meter, deretter vart det løypt på løypestreng over eit juv, og til slutt køyrt med hest og slede resten av vegen heim til garden. I slatta var det mange hesjer, og kvar hesje hadde sitt namn. Eg har notert namnet på hesjene, og vil ta dei med på informasjonsskiltet. Eg trur at informasjon om dette kan vera både interessant og lærerikt for folk som vil ta turen til løa.

Etter at eg fekk rydda desse stiane, og utbeta nokre punkt, mellom anna med trapper i stein og tre, har fleire teke stiane i bruk som turvegar. Bilvegen til Verpelstad har vore populær turveg lenge, og no kan folk velja om dei vil gå bilvegen eller «Gamlevegen», som stien vert kalla. Denne var tilkomst til garden heilt til det vart bygt veg i 1993.

Eg kan leggja til at garden har felles utmark, men tiltaket er i samråd med eigar av bnr 2, Odd Reigstad. Eg viser til stadfesting frå han datert 26.04.2015.

Kostnadsoverslag:

Materiell:

Impregnerte bord: 21x98 mm. 18 m a kr 15 = kr 270,-

Impregnert plank til stolpar: 48x98 mm. 32 m a kr 30 = kr 960,-

Info-skilt i aluminium: 60x40 cm. = kr 2500,-

Sum materiell inkl. mva: kr 3730,-

Eige arbeid:

Produksjon og oppsetjing av skilt: 30 timer a kr 300,- kr 9000,-

Totalsum: kr 12730,-

**Eg søker om tilskot som utgjer 50% av denne summen, dvs. kr 6300,-**

4 vedlegg:

- Kart M = 1:5000
- 1 bilde av eigenproduserte skilt
- 1 bilde av info-tavle (døme på skilt-type).
- 1 bilde av løa i Botn

Eg viser og til bilder vedlagt sluttrapport etter rydding, datert 31.10.2018.

Med helsing



Kåre Olav Aldal